

Mi første oppleving av arbeidet i barnehagen

Henta frå Masteroppgåve; *Tid som kritisk tema og filosofisk omgrep*, 2011 , v. **Ingunn Landro Sandset**
https://oda.hio.no/jspui/bitstream/10642/991/2/Sandset_Ingunn_Landro.pdf

Då eg vart utdanna førskulelærer i 1977 var lov om barnehager to år gammal. Då fans ingen andre eksterne styringsdokument enn Barnehagelova (1975) og vedtekter for barnehagen. Barnetalet var 15 store- eller 8 småbarn pr. avdeling. Dei fleste barnehagar hadde 2-3 tilsette på kvar avdeling. Pausetid var i arbeidstida, og vi var alltid tilgjengeleg. Barnehagane si opningstid var inntil 9 timar pr. dag. 2/3 av borna hadde “reduert opphaldstid”, dvs. maksimum 6 timar pr. dag. Teorigrunnlaget i førskulelærerutdanninga var utviklingspsykologiens “Barne- og ungdomspsykologi” (Evenshaug & Hallen, 1974); og “Barnehagen, en innføring i praktisk førskolepedagogikk” (Balke, 1976). Vi var innskrivne i den utviklingspsykologiske diskursen, hadde makt og vi eigde definisjonsmakta (Bae, 1996).

Førskulelærarane gav som oftast svar på spørsmål frå foreldra og sto tydeleg fram som fagpersonar.

Det var slik eg hugsar det ei svært enkel tid å vera pedagog i. Engasjementet var “på topp” og fokuset var på personal- og foreldresamarbeid og på barna. Det var viktig å følgje med på korleis det einskilde barnet hadde det i barnegruppa.

Barnehagepersonalet gjekk ikkje på raudt lys i trafikken dersom eit barn kunne sjå det; vi skulle framstå som idealet på ein oppdragar eller “vaksen i relasjon til barn”- person. Dei fleste førskulelærarar var kvinner. Formingsaktivitetar var viktige, bygd på teorigrunnlag om barnet si finmotoriske utvikling. Musikk gav dagleg glede og moro i barnehagen, tufta på eit solid teoretisk og praktisk grunnlag i utdanninga.

Sentrale stikkord var omsorg, struktur i arbeidet, gruppepsykologi, trivsel og tryggleik. Leiken var viktig, og vi brukte ulike pedagogiske virkemiddel til også å lære barna kunnskapar om form, farge og mengde. Vi utforska naturen saman med barna, og lærte dei om kroppen. Vi spelte teater og sang mykje og leste mange bøker, vi song til og med på foreldremøtene for å lære foreldra songane som barna kunne. Personalet heldt

seg oppdatert i barna si “verd” ved også å følge med på kva som føregjekk i Norsk Rikskringkasting [NRK] barne-tv, som den einaste kanalen i Norge på den tida. Dette viste felles fokus, men eg ser i dag at det var utan medviten intersubjektiv deling (Schibbye, 2002; Stern, 2003). Føresetnaden for intersubjektiv deling er at subjekta har subjekt-subjekt relasjonen i fokus. Det hugsast mest som ein metode for å møte barnet, men då låg eit syn på barn som objekt i botnen, og i tråd med den tids gjeldande utviklingsteoriar.

Eg opplevde å ha ein autonomi i stillinga som gjorde at eg følte stort ansvar og lite dårleg samvit i utøvinga av yrket. I hovudsak var pedagogikken “læring gjennom leik”, med den Frøbelske og sosialpedagogiske tradisjonen godt synleg i kvardagen. Det sterke fokus på relasjonar i personal- og foreldresamarbeidet og stor tru på barnehagefaglege kunnskapar var medverkande til å gje tryggleik og motivasjon. Den utviklingspsykologiske diskursen prega vårt syn på barn, barndom og barnehage både då og i lang tid etterpå.

Det var ei tid med mange engasjerte førskulelærarar som arbeidde for utvikling og utbygging og for barnehagen som pedagogisk institusjon og for anerkjenning av profesjonen vår. Det var difor svært gledeleg då barnehagens samfunnsmandat vart nedfelt i den første rammeplanen (Barne- og familiedepartementet, 1995) med ei sterkt oppleving av at samfunnet anerkjente barnehagen, pedagogikken og førskulelærarprofesjonen.